



Klassekontaktane og vara
Foreldre/føresette til elevar ved Seim skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5054 - 14/21741

Saksbehandlar:

Gerd Karin Isaksen

gerd.karin.isaksen@lindas.kommune.no

Dato:

15.10.2014

Referat frå FAU møtet 18. september 2014

Desse møtte: Elisabeth Navdal, Ove Dale, Solfrid Spurkeland, Åse G. Bergfjord, Gustav Bergås, Jarle Monstad, Kjersti Fitje, Hege Nesse, Margrethe Myksvoll og Sverre Eikanger.

Start på skuleåret (rektor informerte):

Roleg og triveleg skulestart, få konflikhtar. Skyssen fungerer betre enn i fjor. Seim skule har 144 elevar, men det går over all forventning. Rektor er fornøgd.

Sak 1/14-15 **MERKNADER TIL INNKALLING**

Ingen

Sak 2/14-15 og VAL/KONSTITUERING

Sak 3/14-15

Leiar : Margrethe Myksvoll

Nestleiar : Kjersti Fitje

Skrivar : Solfrid Spurkeland

Kasserar : Jarle Monstad

Sak 4/14-15 **VERKSEMDPLAN**

Ny verksemdplan for Seim skule.

Fram til og med 2016/2017. Rektor snakkar litt om målområde på milepelsplanen. Det går på relasjonar, sosial kompetanse, klassesdeling og samarbeid med heimen.

Vurdering for læring (KIS), halvtårleg vurderingar til foreldresamtalane og elevane får evaluere seg sjølv. Spesialundervisning og diverse arbeidsmetodar. Pedagogisk leiing og utvikling, sikre god info frå skule til heim og godt samarbeid.

All infoen i Milepelsplanen vert lagt ut på nettsida snart.

Spesialundervisning: bli betre på å sikre alle, dei skuleflinke òg.

Litt om arbeidsmetodane og vegen for å nå måla dei neste åra fram til 2017. Rektor seier det er viktig at alle foreldre skal vere sikre på at dei vert godt informert om skulens vurderingar av elevane. Pr i dag er det krav om 2 gongar årleg.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Ny skule: litt frå Festo- og Milepelsplanen/ (§ 9A opplæringslova)

Delmål (læringsmiljø, helse, trivsel og læring) Bla. ferdigstille uteområdet, Zippy, DUÅ/PPT

Elevundersøkinga. Diverse tiltak som klassemøter minst 2 ganger månedeleg, vaktar i friminutta, «Kom-og leik-» aksjonen, Leselos etc.

Leselos er eit program som mange skular bruker, der lesing er i fokus. Lesing i alle fag (før - lesing av oppgåver). Ligger mange klipp på You Tube om VØL, BISON og Leselos. «Poenget» er at ein kan bruke alle sansane/at me lærar å lese på forskjelleg måtar.

Skuleavis: fortsette med det 1 gong årleg. 5., 6. og 7. årssteg. Lag eigen redaksjon?

Rektor viser Årshjulet (Trivsel på Seim skule).

Dette omhandlar årsplanar fordelt pr. mnd. Bla. lesevake, fjellturar, joggedag, kino, juleverkstad etc.

Og FAU-møter, nasjonale prøvar, foreldremøte osv.

All info vert lagt på nett: min.skule.no/seim

Sak 5/14-15 Lokale reglar for Seim skule (åtferdsreglar)

Ein ny regel ang. mobiltelefon på skulen. Ingen grense for alder lenger, men telefon skal vere avslått i skuletida.

Rektor går gjennom reglane/sanksjonane og skryt av at elevane er flinke til å ta hensyn til andre og ta vare på skulen (lite/ingen hæverk).

Desse reglane vert sendt ut til føresette i alle klassane i haust.

Sak 6/14-15 LEKSEHJELP

1. – 10. årssteg har krav på leksehjelp. 8 timar pr. veke i løpet av skuletida. Lindås kommune jobbar med saka. Pr. i dag fungerer dette best for 3. og 4. årssteg på Seim skule. Rektor ønskjer å gje elevane 1 time årleg for 3. klasse og ut grunnskulen eller auke på frå mellomtrinnet (1 – 2 timar?)

Diskusjon rundt dette . Leksehjelp/SFO/Skyss.

Ønskje om måndag og onsdag neste år. Viss det òg skal inkludere dei eldste er dagane usikre. Rektor ønskjer innspel. Endringane skjer neste haust.

Sak 7/14-15 NYE LEIKEAPPARAT

Leikeapparat: elevane ønska skaterampe, men dette har rektor sagt nei til pga. sikring og ansvar (redd for skader , (ansvar) og bruk etter skuletid).

Området er asfaltert og ferdig. Arkitekten og rektor er einige om ei sykkelløype. Rektor ønskjer ein ballvegg. Forslag om dugnad for å få laga dette?!

Elevane ønskjer meir utstyr i gymsalen (inne-leikar). Mykje gamalt utstyr.

OBS! Idrottslaget er ein god alliert og kan gå i dialog om økonomisk støtte. Har òg kr. 60.000,- frå Helselaget (men med føringar: fremme trivsel og helse, utsmykking av skulen pluss utearealet).

Ønskje om musikkskule eller drama/teater.

Rektor ønskjer ballbinge ytterst på skuleplassen.

Sak 8/14-15 EVENTUELT

Foreldre som er med på turar i skuletida:

Det er litt forvirring om temaet (spørsmål om foreldre som er med på turar i skuletida)
Rektor informerer om reglane og bakgrunn for restriksjonar (teieplikt). Fjellturar etc. er framleis OK når foreldre er invitert. Ingen absolutt regel. Foreldra er ein ressurs og vil involverast. Held fram som før. Ok på turar, juleverkstad etc., men ikkje i kvardagen.

Skyss/buss (Nobina)

Meir positive til sjåførane og rutene. Rektor synast at det går greitt, bortsett frå eit par episodar. Støy på bussen avheng ofte av sjåfør og den typen dei er. (Mange «barnevennlege» sjåførar)

Hege Nesse
Skrivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Klassekontaktane og vara

Foreldre/føresette
til elevar ved Seim
skule